1

Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Transport av høy

Oppskr. av: Elna Storeng

(adresse): Bergsbotn

Fylke: Troms

Herad: Berg

Bygdelag: Bergsfjorden (Råsa)

Gard: Bergsbotn

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Bygda ligg på ytre Senja, heilt ute mot storhavet. Typisk fjord- og strandbygd med bratte lider. Høyberginga går i mange høve likeins for seg som i gamle dagar. Heime på gardane er slåmarkin delvis i bruk. Ute i marka, i dei bratte lidene bergar ein høyet slik ein har gjort det i lang tid.

2. Høypressing har vore i bruk ca. 50 år. Før bruka dei runde mølen, bunde av snøre, som dei rulla nedover dei bratte lidene. Dei drog også høyet på „sloga". Dei kunne då draga opptil 1/2 lass på ei sloga.

Høyet (graset) beres i bører, laga av passeleg lange snøre. Dei laga ei lykkje i den eine enden og „ridde" i hop hardt, (kipeband.) Det kunne vere ein trekrok i enden som dei kalla „hale".

Børa bar dei over akslane. Fekk jamnast hjelp til å reise seg

Ute på jorda heime brukast no trillebår på små bruk. Høytong laga av ei høvelig „sūle", hagd i bjørkeskogen.

Høyet kjøres alltid inn på sommar-føre. På gardar der dei har hest brukar dei vanleg langvogn, høyvogn med to hjūl. Vogna er omk. 3 x 1 m.

Dei brukar grind på høyvogna. Grinda er ein treramme med not, bunde av snøre på alle fire sidene.



Høygrind til høyvogn.

Når ein slår saman med granner i ūtmarka, deler ein høyet i bører.

Når ein ikkje har køretøy for handa, lagar ein seg ei bør av ein lang, seig vidjekvist. Den blir også lagt over akslene. Når ūtmarksengjane ligg på andre sida av fjorden, brukes ein båt (skøyte) for å frakte høyet heim, – både rått og tørt.

No sett dei løypestrengen fast ombord på skøyta og firer høyet frå lida beint ombord i skøyta.

Alt høy blir berga i hūs om sommaren så snart det let seg gjera.

Det finst i bygda berre ei grend, Straumsbotn, der dei drive. har ūtslåtter midt inne på Senja. Dei sett høyet i stakkar (folk her seier stakar) og 271

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

3

kjører det heim om vinteren. Det høver då best å kjøre på skareføret i april-mai. Dei brukar då slede med den same høygrind som dei bruka på høyvogna. Praktisk og lettvint.

Dei både ber og kjører høyet bort til staken om sommaren når det er tørt. Eg har også sett tjukke vinter-hesjer inne på Senja, laga av bjørke-stenger med dobbelt stolperekke.

Høyet (vinterhøy) kjemmes hardt og stappast hard saman i hesja. Dei kan då legge never på øverste rasta for væta.

Avstanden frå staur til staur kallar dei „golv".












NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

A / og B

Eg er ikkje her frå bygda, men eg har budd her i 27 år. Eg har sett korleis folk bergar høy og elles spurt dei gamle om korleis dei gjorde det før i tida.

Erna Storeng

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

271